



Landbruks og matdepartementet
Postboks 8007 Dep

0030 OSLO

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 2008 - 216	Deknr.: 226
Mottatt: 18 MAI 2008	ASR/ SEB
Saksnr.: 1A A	Ark.: 479
Kopir:	Avskrift:

Arkivkode
V60 &13

Vår ref.
08/458 - 7 - VIRI

Dykkar ref.

Dato
09.05.2008

HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - BESTEMMELSER OM BU- OG DRIVEPLIKT M.V.

Hallingdalskommunane har ved forespurnad frå jordbrukssjef Marit Torsrud Nerol i Ål kommune til Ingrid Aasen frå LMD fått utsett høyringsfrist til 14 dagar etter ordinær frist 5. mai for å få høyringa opp til handsaming i kommunestyrrane.

Gol kommunestyre har handsama høyringa i møte 06.05.2008, sak 47/08, og det vart gjort fylgjande vedtak:

Vedtak:

Gol kommune gir fylgjande uttale til "Høringsnotat om Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven. Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.:"

Gol kommune støttar framlegget til endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova slik det er framlagt i høyringsnotatet, 05.02.2008 med unntak for framlagte arealgrensar.

Gol kommune foreslår fylgjande endringar:

- **2.strekpunkt:** At buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 daa produktiv skog.
- **3.strekpunkt:** At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 20 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 daa totalareal beholdes som i dag.
- **4.strekpunkt:** At kravet til odlingsjord blir 20 dekar dyrka mark eller 200 dekar produktiv skog.
- **merknad til strekpunkt 8:**
Beslutningsmyndet vert med dette flytta til ein meir perifer beslutningsinstans. Dette krev ei strengare praktisering av regelverket ved folkeregistrering, og strengare kontroll av at ein faktisk bur på den eigedomen der ein er folkeregistrert.

Gol kommune meiner det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom over ein viss storleik, dvs. eit totalareal over 7.500 daa.



Gol kommune vurderer dei foreslåtte endringane i regelverket som hensiktsmessige og nødvendige. Det er sannsynleg at lovverket i si nye form vil styrke busetjinga i distrikta og understøtte dei langsiktige landbruksinteressene. Samtidig bør endringane bidra til ei meir rasjonell, effektiv, etterretteleg og målretta forvaltning. Like saker som vert behandla etter same lovverk vil i sin tur få eit forutseieleg utfall utan for stor variasjon i innhald og konsekvens.

Vedlagt ligg samla saksframstilling, og berekning av avkastning som viser noko av grunnlaget for dei endra arealgrensene som det er innstilt på i vedtaket.

Ver venleg å oppgi vår referanse ved kontakt pr. brev eller telefon.

Med helsing



Viel Ribberud

sakshandsamar landbruk



GOL KOMMUNE
Næringsavdelinga

Kopi til: Hol kommune, 3576 Hol
 Ål kommune, 3570 Ål
 Hemsedal kommune, 3560 Hemsedal
 Nes kommune, 3540 Hemsedal
 Flå kommune, 3539 Hemsedal

Gol kommune

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

MØTEBOK

Saksnr. 47/08
Arkivsaksnr.: 08/458
Arkivkode: V60 &13

Saksbehandler: Viel Ribberud

Saksnr.:	Utvalg	Møtedato
48/08	Utval for natur og næring	22.04.2008
47/08	Kommunestyret	06.05.2008

HØYRING - ENDRING I ODELSLOVA, KONSESJONSLOVA OG JORDLOVA - BESTEMMELSER OM BU- OG DRIVEPLIKT M.V.

Generelle saksopplysninger: Gol kommune ved kommunestyret gir uttale til høringa til Det Kongelige landbruks- og matdepartement.

Politisk behandling i: Utval for natur og næring og Kommunestyret.

Vedtaksorgan: Kommunestyret.

Saksdokument:

1. Brev av 05.02.08 frå departementet til høyringsinstansane.
2. Høyringsnotat; Forslag til endringar i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven – Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.
3. Likeverd mellom arealgrensene etter avkastning – utrekning.

Dokument nr. 1 og 3 fylgjer som vedlegg.

Saksopplysningar:

Landbruks- og matdepartementet ber om synspunkt på dei forslaga til endring som er lagt fram i høyringsnotatet av 05.02.2008. Departementet ber i tillegg kommunane ta stilling til om det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom.

Endringane påvirkar i hovudsak bestemmelsane om bu- og driveplikt. Høyringsnotatet omfattar og tiltak som har til formål å forenkle og å målrette regelverket.

”Landbruks- og matdepartementet foreslår:

- At bestemmelsene om boplikt etter odelsloven i hovudsak flyttes til konsesjonsloven, og at bestemmelsene om driveplikt etter konsesjonsloven og odelsloven flyttes til jordloven.
- At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark, eller over 350 dekar produktiv skog.
- At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 25 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 dekar totalareal beholdes som i dag.
- At kravet til odlingsjord blir 25 dekar dyrka mark eller 350 dekar produktiv skog.

- At det blir et spørsmål om arealgrenser når det skal tas stilling til om det oppstår boplikt eller om det dreier seg om odlingsjord. Det vil si at det verken etter konsesjonsloven eller odelsloven skal foretas en konkret vurdering av om eiendommen er en "jord- og skogbrukseiendom" eller "kan nyttast til landbruksdrift".
- At den som ikke vil eller kan oppfylle boplikten må søke konsesjon, dvs. at adgangen til å søke fritak fra boplikt faller bort, og at det gis nærmere regler for konsesjonsvurderingen i disse tilfellene.
- At det gis nærmere regler for vurderingen av om det skal stilles vilkår om boplikt ved konsesjon.
- At boplikten bare kan oppfylles ved at eieren registreres i folkeregisteret som bosatt på eiendommen.
- At driveplikten skal gjelde jordbruksareal som kan drives lønnsomt, uavhengig av om det har skjedd en overdragelse, og være varig.
- At slektskapsunntaket kan oppheves der kommunen har innført forskrift om nedsatt konsesjonsgrense."

Erverv av landbrukseiendom utløyer bu- og driveplikt. Pliktene er heimla i konsesjonsloven og dels i odelsloven.

I praksis oppstår bu- og driveplikt ved alle erverv av landbrukseiendom. Det kan innvilgast fritak hvis det vert søkt om dette. Kvar søknad må gis ei konkret og individuell behandling, og ingen har krav på fritak.

Økonomiske konsekvensar:

Ingen negative for kommunen

Miljøkonsekvensar:

Ingen negative for kommunen

Vurdering:

Høyringsnotatet var oppe til drøfting på jordbruksmøte 01.04.2008 der fagpersonar frå landbrukskontora i Hallingdal og øvre Numedal var samla. Det vart i dette møtet einigheit om eit felles oppsett med lik innstilling til vedtak.

Forslaget til endringar som er fremma i høyringsnotatet har som siktemål å oppnå større forutsigbarhet gjennom forenkling og målretting av regelverket. Erfaringsmessig er det eit reelt behov for større klarhet og overensstemmelse i og mellom dei aktuelle lovane. Endringane vert vurdert som hensiktsmessige sett i forhold til hovedmålet om forutsigbarhet.

Buplikta framstår med mindre tvetydighet.

Det kan forventast at håndhevinga av regelverket framstår med færre nyansar og fortolkningsmoglegheit enn før, og innstrammainga av regelverket bør redusere forekomsten av ulik forvaltningspraksis og få til ein smidigare saksgang. Opplevinga av "rettferd for lova" vil bli styrka med samsvar mellom vedtak i tilsvarande saker uavhengig av kommune og sakshandsamar.

Overføring av bestemmelsane om buplikt fra odelslov til konsesjonslov bidrar til eit meir oversiktleg og forutsigbart regelverk.

Overføring av bestemmelsen om driveplikt fra odels- og konsesjonslova til jordlova vert vurdert som eit systematisk og logisk grep. Driveplikta er nærare knytta opp mot jordlova sin formålsparagraf enn formålsparagrafane i dei øvrige lovverka.

Både busettingshensynet og krava til erverv av landbrukseiendom vert styrka gjennom aktuelle endringar.

Endringane i definisjonen av ein odelseiendom, både med hensyn til arealgrenser og ordlyden i paragrafen vil redusere begrepsforvirringa rundt kva som er ein landbrukseiendom. Samsvar mellom konsesjonslova og odelslova forenkler forvaltning og prosessen rundt eigedomsoverdragingar, og saker vedrørande spørsmål om odlingsjord vil bli færre og enklare. Eigedomsoverdragingar vil møte mindre motstand i uklarheter i forhold til regelverket.

Auke av arealgrensa for konsesjonspliktig erverv vil medføre ei auke i omsetningen av mindre landbruksareal/ eigedomar til bustad og fritidsformål. Rasjonaliseringskravet innan norsk landbruk forutset at det er tilgjengelege tilleggsareal. Mindre eigedomar som vert omsett til fritids eller bustadformål vil kunne bryte opp samanhengande jordbruksareal og medføre driftsulempe. Omdisponering av mindre landbrukseiendomar kan vidare fungere som barriere for vidare vekst både ved at eigedomen vert benytta til andre formål og har større verdi omsett som fritidseiendom, og ved at eigedomen utelukkar effektiv samanslåing av omkringliggende landbrukseiendomar. Ustruktureerte arealdisponeringar innafor same område, der fragmentert arealbruk dannar rein mosaikk av ulike arealformål, har erfaringsmessig ført til gjengroing. Jordbruksdrift mellom bustadområder viser seg ofte å vera konfliktfylt og uhensiktmessig.

Omsynet til busetjing har blitt vektlagt i det regelverket som no er for buplikt. Dette må vera eit sentralt mål ved revideringa og. Vi meiner at den foreslått at arealgrensa på 25 daa dyrka mark for konsesjonsfritt erverv er for høg, og ynskjer at den vert redusert til 20 daa, og vert tilsvarende grensa vi foreslår for odlingsjord. Arealgrensa på 100 daa totalareal kan behaldast som i dag.

I forslaget til om ein eigedom er odlingsjord er forholdet mellom dyrka mark og produktiv skog sett til 25 daa / 350 daa. Ser ein på dette forholdet med utrekning av avkastning er det ikkje likeverdige. I vedlegg til saka har jordbrukssjefen i Rollag sett opp ei samanlikning. For å få dei to arealgrensene meir likeverdige må arealgrensa for produktiv skog senkast, og vi foreslår ei endring av grensa for produktiv skog til 200 daa. Når det gjeld arealgrense for utmarkseiendom med omsyn til buplikt i kommunen vil 7 500 daa vera nokon lunde likeverdige med 200 daa produktiv skog.

I februar 2006 skreiv miljøvernministeren og landbruks- og matministeren brev til kommunane om det langsiktige ansvaret i å ta vare på våre framtidige moglegheit for å dyrke mat – og oppretthalde eit verdifullt landskap. Det vart definert ei målsetjing om å redusere tapet av verdifulle jordressursar med 50 prosent innan 2010. Sett i samanheng med denne målsetjinga må det bemerka:

Resonnementet bak målsetjinga om å halvere nedbygginga av jordbruksareal er ikke forenlig med den foreslåtte auken i arealgrenser for konsesjonsfritt erverv.

Det hjelper ikkje å oppfordre til halvert nedbygging av jordbruksareal, hvis eit tilsvarende eller større areal vert omsett til bustad og fritidsformål etter departementet sin eigen arealjustering for konsesjonsfritt erverv.

Eller for å sitere landbruksministeren: *Vern av jordressursene er på lang sikt et spørsmål om matvaresikkerhet. Et paradoks, og en stor utfordring, er at den alternative verdien til å dyrke mat – nemlig salg - er høyest i de områdene hvor landets beste jordbruksarealer ligger.*

Konklusjon:

Gol kommune er positive til foreslåtte endringar i Odelslova, Konesjonslova og Jordlova – Bestemmelser om bu og driveplikt m.m i høyringa datert 05.02.08, men ynskjer ei endring av arealgrensene som foreslått under:

Kravet til odelsjord vert 20 daa dyrka mark eller 200 daa produktiv skog, og buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 dekar produktiv skog. Konesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller hvis eigedomen har over 100 daa totalareal.

Framlegg til vedtak:

Gol kommune gir fylgjande uttale til ”Høringsnotat om Endringer i odelsloven, konesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.:

Gol kommune støttar framlegget til endring i odelslova, konesjonslova og jordlova slik det er framlagt i høyringsnotatet, 05.02.2008 med unntak for framlagte arealgrensar. Gol kommune foreslår fylgjande endringar:

- 2. strekpunkt: At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 daa produktiv skog.
- 3. strekpunkt: At konesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 20 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 daa totalareal beholdes som i dag.
- 4. strekpunkt: At kravet til odlingsjord blir 20 dekar dyrka mark eller 200 dekar produktiv skog.

Gol kommune meiner det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom over ein viss storleik, dvs. eit totalareal over 7 500 daa.

Gol kommune vurderer dei foreslåtte endringane i regelverket som hensiktsmessige og nødvendige. Det er sannsynleg at lovverket i si nye form vil styrke busettjinga i distrikta og understøtte dei langsiktige landbruksinteressene. Samtidig bør endringane bidra til ein meir rasjonell, effektiv, etterrettelig og målrettet forvaltning. Like saker som vert behandla etter same lovverk vil i sin tur få eit forutsigbart utfall utan for stor variasjon i innhold og konsekvens.

Gol, 07.04.2008.

Hege Mørk
Rådmann

Petter Owesen
avdelingsleiar

Utval for natur og næring behandla saka den 22.04.2008, saksnr. 48/08

Behandling:

Vedtak:

Gol kommune gir fylgjande uttale til "Høringsnotat om Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.:"

Gol kommune støttar framlegget til endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova slik det er framlagt i høyringsnotatet, 05.02.2008 med unntak for framlagte arealgrenser. Gol kommune foreslår fylgjande endringar:

- 2. strekpunkt: At boplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 daa produktiv skog.
- 3. strekpunkt: At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eiendom over 20 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 daa totalareal beholdes som i dag.
- 4. strekpunkt: At kravet til odlingsjord blir 20 dekar dyrka mark eller 200 dekar produktiv skog.

Gol kommune meiner det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom over ein viss storleik, dvs. eit totalareal over 7 500 daa.

Gol kommune vurderer dei foreslåtte endringane i regelverket som hensiktsmessige og nødvendige. Det er sannsynleg at lovverket i si nye form vil styrke busettjinga i distrikta og understøtte dei langsiktige landbruksinteressene. Samtidig bør endringane bidra til ein meir rasjonell, effektiv, etterrettelig og målrettet forvaltning. Like saker som vert behandla etter same lovverk vil i sin tur få eit forutsigbart utfall utan for stor variasjon i innhold og konsekvens.

Kommunestyret behandla saka den 06.05.2008, saksnr. 47/08

Behandling:

Ordføraren hadde ein gjennomgang av høyringssaka.

Med i ordskiftet:

Herbjørg Dalene Bjerke, Tore Dag Skjerdal, Helge Feet, Mona Norhaug Faleide, Kåre Olav Solhjell, nye innlegg frå Skjerdal og Feet, Steinar Medhus

Herbjørg Dalene Bjerke (AP) foreslo slik tilleggsmerknad til strekpunkt 8:

Beslutningsmyndet vert med dette flytta til ein meir perifer beslutningsinstans. Dette krev ei strengare praktisering av regelverket ved folkeregistrering, og strengare kontroll av at ein faktisk bur på den eigedomen der ein er folkeregistrert.

Helge Feet (V) foreslo:

Strekpunkt 8, At buplikt kan oppfylles ved at eier som ikke bor i kommunen registreres som bosatt i kommunen.

VOTERINGAR:

Fyrst tilrådinga frå UNN som vart samrøystes vedteke.

Tillegget frå Dalene Bjerke; vedteke med 14 mot 7 røyster (repr frå FRP, KrF og V)

Tillegget frå Feet; nedvotert med 15 mot 6 røyster (repr frå FRP og V).

Vedtak:

Gol kommune gir fylgjande uttale til "Høringsnotat om Endringer i odelsloven, konsesjonsloven og jordloven, Bestemmelser om bo- og driveplikt m.m.:"

Gol kommune støttar framlegget til endring i odelslova, konsesjonslova og jordlova slik det er framlagt i høyringsnotatet, 05.02.2008 med unntak for framlagte arealgrensar. Gol kommune foreslår fylgjande endringar:

- 2.strekpunkt:
At buplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 20 dekar dyrka mark, eller over 200 daa produktiv skog.
- 3.strekpunkt:
At konsesjonsplikt skal oppstå ved erverv av bebygd eigedom over 20 dekar dyrka mark. Arealgrensen på 100 daa totalareal beholdes som i dag.
- 4.strekpunkt: At kravet til odlingsjord blir 20 dekar dyrka mark eller 200 dekar produktiv skog.
- **merknad til strekpunkt 8:**
Beslutningsmyndet vert med dette flytta til ein meir perifer beslutningsinstans. Dette krev ei strengare praktisering av regelverket ved folkeregistrering, og strengare kontroll av at ein faktisk bur på den eigedomen der ein er folkeregistrert.

Gol kommune meiner det bør innførast buplikt i kommunen ved erverv av utmarkseigedom over ein viss storleik, dvs. eit totalareal over 7.500 daa.

Gol kommune vurderer dei foreslåtte endringane i regelverket som hensiktsmessige og nødvendige. Det er sannsynleg at lovverket i si nye form vil styrke busetjinga i distrikta og understøtte dei langsiktige landbruksinteressene. Samtidig bør endringane bidra til ei meir rasjonell, effektiv, etterretteleg og målretta forvaltning. Like saker som vert behandla etter same lovverk vil i sin tur få eit forutseieleg utfall utan for stor variasjon i innhald og konsekvens.

Kategori	Forutsetninger		Kr	Arlig netto pr dekar
Jord	Produksjonsinntekter	Avlingsnivå: 400 kg bygg, kornpris 1,81 kr pr kg	724	
		AK tilskudd- laveste sats korrigert for bunnfradrag	341	
	Produksjonskostnader	Variable	-290	
		Faste: maskiner/ redskaper	-280	
		Arbeid 3 t	-350	
Sum				145
Skog	Produksjonsinntekter	Tilvekst 0,34 m3 pr år. Pris 350 kr / m3	119	
	Variable/ faste kostn	170 kr/ m3	-60	
	Sum			
Utmark	Arlig netto pr dekar for jakt/ fiske			2

Avkastning ved ulike arealgrenser						
	Jord		Skog		Utmark	
Arlig avkastning pr dekar	145		60		2	
Ulike arealgrense i dekar	20	25	200	350	6000	10000
Total avkastning	2900	3625	12000	21000	12000	20000

Konklusjon:

Det legges til grunn at forholdet mellom skog og utmark bør være rimelig likeverdig. Ved utgangspunkt i 20-25 dekar jord må arealgrensen for skog senkes.